



Skodje kommune

Vedtekter for kommunale barnehagar i Skodje kommune

Vedtekne i kommunestyret den 18.12.2012.

1. Eigar

Skodje kommune eig og driv barnehagane. Administrasjon og drift er delegert frå Kommunestyret til Rådmannen. Rådmannen har delegert mynde vidare til einingsleiarane (jf. delegasjonsreglement for Skodje kommune).

Barnehagane sine samarbeidsutval er sett saman av 6 medlemmar:

2 representantar valde av foreldrerådet (for 1 år)

2 representantar valde av og blant dei tilsette (for 1 år)

2 representantar frå kommunen (for 4 år)

Barnehagar med berre ei avdeling kan ha halvparten av representantane i samarbeidsutvalet. Dersom barnehagen og barneskule er under felles leiing, kan dei ha felles samarbeidsutval.

2. Drift

Barnehagane vert drivne i samsvar med Lov om barnehagar av 2006 med forskrifter.

Barnehagane skal til ei kvar tid rette seg etter kommunale vedtak og retningslinjer som vert fastsett av sentrale myndigheiter.

3. Formål

Barnehagane skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmogelegheiter i nær forståing og samarbeid med heimen.

4. Søknad

Søknad om barnehageplass skal leverast på fastsett skjema til eigar. Søknadsfrist skal kunngjerast i lokalpressa. Søknader som er innkomne etter søknadsfristen skal prioriterast sist.

5. Opptak

Skodje kommune har eitt hovudopptak kvart år, med søknadsfrist 1. mars. Nytt barnehageår startar 15. august.

Opptaket følgjer ”Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak til barnehage”. Opptaket er samordna etter gjeldande reglar i Lov om barnehagar og er delegert til Rådmannen.

Formannskapet er klageinstans. Skriftleg klage rettast til Skodje kommune innan tre veker etter å ha motteke skriftleg melding om tildelt plass. Opptak som er gjort i suppleringsopptak kan ein ikkje klage på.

Barnet vert tildelt plass frå dato i vedtaket og fram til 15.08 det året barnet byrjar på skulen. Tildelt plass er bindande for 1. termin (sommars-jul, jul-sommar).

6. Oppseiing

All oppseiing skal rettast skriftleg til Skodje kommune med minst ein månads varsel. Oppseiinga reknast frå den 15. i påkommande månad. Ved særskilde høve kan ein søke om å seie opp plassen i termin.

7. Permisjon

Foreldre kan søkje permisjon frå ein barnehageplass ut det barnehageåret ein er inne i. Ved avgjerd skal det takast omsyn til om det er mogleg å fylle opp plassen.

Det er ikkje høve til å søke permisjon frå ein barnehageplass som ikkje er teke i bruk.

Søknad om permisjon gjeld og regelen om minst ein månads frist, gjeldande frå den 1. i påkomande månad.

8. Tilbod og opningstid

1. Barnehagane i Skodje tilbyr 3, 4 eller 5 dagars plass.
2. Opningstida skal minimum vere frå 07.30-16.30.
3. Einingsleiar har mynde til å regulere dei daglege opningstidene etter budsjettmessige føresetnadar og etter brukarane sine behov.
4. Barnehagane er stengde to veker i fellesferien. Barna skal ha 5 veker ferie i løpet av barnehageåret. Fire av vekene skal som hovudregel takast i perioden 15. juni til 15. august. Tre av vekene skal takast i samanheng. Den femte ferieveka er barnehagen sine studie og planleggings dagar.
5. Barnehagane er stengd julaftan og nyttårsaftan, og stengjer kl.12.00 onsdag før påske.

9. Opptakskriterier

Barnehageplass vert tildelt etter følgjande kriterium, og gjeld i prioritert rekkefølge:

1. Barn som har rett til barnehageplass etter §13 i Lov om barnehagar.
2. Barn som helsetenesta, PP-tenesta og andre sakkunnige instansar, gjennom skriftleg uttale, meiner har særskilt behov for barnehagetilbod.
3. Barn som har eit og to år att til skulestart skal prioriterast.
4. Rådmannen kan nytte tilbod om barnehageplass som rekrutteringstiltak med utgangspunkt i kommunen sitt kompetansebehov.
5. Barn som har eldre søsken i same barnehage.
6. Eldre barn prioritert framfor yngre ved elles like forhold.

10. Foreldrebetaling

Viser til forskrift om foreldrebetaling om maksimalgrense for foreldrebetaling. Foreldrebetalinga i Skodje kommune kan ikkje setjast høgare enn denne. Betaling for kost kjem i tillegg. Satsar for kost skal fastsetjast med utgangspunkt i sjølvkostprinsipp.

Søskenmoderasjon er 30% for 2. barn og 50% for 3. barn.

11. Internkontroll

Barnehagen skal til ei kvar tid rette seg etter gjeldande forskrift om internkontroll.

Barnehagen sin internkontroll er ein del av Skodje kommune sitt heilskaplege internkontrollsystem.

12. Teieplikt

Alle tilsette og medlemmar i barnehagen sitt samarbeidsutval har teieplikt. Dette med heimel i Lov om barnehagar § 21 og forvaltningslova § 13.

Derimot gjeld at barnehagepersonalet har opplysningsplikt til barneverntenesta med heimel i barnehagelova § 22.

13. Arealutnytting

Skodje kommune følgjer Kunnskapsdepartementet sine rettleiande normer på minst 4 kvm. leike- og opphaldsareal per barn over 3 år, og minst 5,3 kvm for barn under 3 år.